

## BØKER

*Resultaten av ett å Leteensuo försökstation utfört gödslingsförsök med kali och fosforsyra av Antti Vesikivi.* Finska Mosskulturforeningens årsbok 1924, side 114—120.

**F**ORSØKET er utført paa grasmyr, oppdyrka 1904 og leirkjøyrt med 40 m.<sup>3</sup> pr. maal 1905.

Aarleg gjødsling 1905—18 har vore:

- I. Utan kunstgjødsel.
- II. 40 kg. thomasfosfat = 5,6 kg. fosforsyre pr. maal.
- III. 80 » kainit = 8,4 kg. kali pr. maal.
- IV. 40 » thomasfosfat + 80 kg. kainit pr. maal.

Feltet har heile tida vore uppe til aaker, og det har vore dyrka havre, grønfor (havre + erter), erter, vaarkveite, og ymse slag rotvokstrar (sukkerbeter, nepe, kaalrot).

Aara 1919—22 har heile feltet vore gjødsla likt med 3,1 kg. fosforsyre og 8,7 kg. kali pr. maal aarleg. 1923 vart feltet aanyo gjødsla etter same plan som ovanfor, men med andre mengder, 4,0 kg. fosforsyre og 10,0 kg. kali. I 1919 er dyrka bygg og i 1920 grønfor (avlingen ikkje vege) atlagt til eng.

Resultatet av forsøket er framlagt i 4 tabellar, og her skal refererast, medelavling 1905—18, gjødsling etter plana, avling 1919, eins gjødsling i aar, og medelavling 1921—22, eins gjødsling i 4 aar, avling 1923 aanyo gjødsla etter plana:

	Fe. pr. mål av ymse vokstrar		Kg. høi pr. mål (2 haust)	
	1905—1918	1919	1921—1922	1923
Utan kunstgj. . .	104 fe. = 100	116 fe. = 100	659 kg. = 100	321 kg. = 100
Berre fosforsyre	259 » = 249	166 » = 143	902 » = 137	719 » = 224
Berre kali . . . .	116 » = 111	136 » = 117	611 » = 93	261 » = 81
Fosforsyre+kali	330 » = 317	252 » = 217	884 » = 134	848 » = 264

Feltet har i 16 aar stendigt vore open aaker.

Ein ser at i den fyrste forsøksbolken (1905—18) har gjødsling med einast kali ikkje auka avlingen mykje, berre 11 % over ugjødsla. Dette er daa likevel so mykje at gjødslinga med kali etter forfattere sine rekingar har lønt seg bra. Naar kaliet i dette høve har gjeve jamførseisvis lite utslag, har det sin grunn i, at den store mengda med leir har tilført mykje kali, som ved jordarbeidinga kvart aar er blanda godt saman med myra slik at vokstrane har havt god nytte av det. Dessutan innheld god grasmyr noko kali som er fullt tilgjengeleg for vokstrane.

Forf. nemner at i stuttvarige forsøk, paa leirkjøyrt grasmyr, har gjødsling med kali vore lite lønsam, serleg til korn og rotvokstrar, som betre enn engvokstrane kann nytta ut kaliet i jorda, men etter nokre aar, naar kaliet i leiret og myrjorda er brukt av vokstrane vil det verta naudsynt aa gjødsla med kali. Paa nydyrka myr, som ein attaar har høve til

aa leirkjøyra, kann ein dei fyrste 2—3 aar spara noko paa kaligjødsla; dette har og forsøka paa Mæresmyra vist.

Verknaden av fosforsyra har heile tida vore stor, og einast gjødsling med denne har i dette forsøk gjeve noko nær full avling. Dette viser at paa nydyrka myr staar det i fyrste rekkje paa fosforsyregjødsla om ein i det heile skal faa nokon avling. Utslaget her viser og, at verknaden av det kali som leiret har ført med, ikkje har vore liten, naar einast fosforsyre har gjeve so stor avling gjenom ei rekke av aar.

Gjødsling med fosforsyre og kali har gjeve det største utslaget, over 3 gonger so stor avling som ugjødsla, og her er lønsemda mykje god. Dette viser at full mineralgjødsling paa myr i lengda er den einast lønsame og framfor alt naudsynt. Aa spara her er i alle høve aa spara paa skillingen aa lata dalaren gaa.

Medelavlingen 1921—22 viser at etter 2—3 aars full gjødsling har fosforsyrerutone gjeve likso stor avling som dei rutor som alltid har vore alsidig gjødsla. Kalirutone har derimot mindre avling enn dei rutor som under fyrste forsøksbolken har vore ugjødsla. Dette kjem truleg av at tilgjenge paa fosforsyre ikkje har vore stort nok paa desse rutor. Etter 4 aars gjødsling har medelavlingen paa dei (etter plana) ugjødsla rutor vore 650 kg. høi pr. maal.

Forfattern framheld at ein «sniken kärrodllare» som i 14 aar ikkje har brukt kunstgjødsel paa myra, etter 4 aars gjødsling med ovannemnde resultat rett ofte sluttar aa gjødsla aarleg «emedan kärret växer bra» (myra gjev god avling). Forsøksresultatet for 1923 viser korleis det gaar i eit slikt høve. Daa har *utan kunstgjødsel* gjeve 321 kg. høi pr. maal i 2 haustingar, soleis berre halvparten mot aaret fyrr. Gjødsling med kali og fosforsyre har gjeve 848 kg. høi, og einast fosforsyre 719 kg. høi pr. maal, einast gjødsling med kali har vist negativ verknad.

Plantesetnaden paa dei ugjødsla og kaligjødsla rutone har dei seinare aar vore mest naturlege myrengvokstrar. Gjødsling med fosforsyre og alsidig gjødsling har betre berga dei isådde engvokstrane fraa aa gaa ut.

Korleis det i dette høve er med bruk av kvævegjødsel og husdyrgjødsel nemner forfattern ikkje, men det er truleg at det i fyrste forsøksbolken, etter avlingane aa døme, er brukt noko husdyrgjødsel.

A. Hovd.

---

*Resultat av försök beträffande fosforsyre- och kalihaltiga konstgödselmedels spredningstid å kärjordsvall, av Antti Vesikivi. Finska Mosskulturforeningens årsbok 1926, hefte 1, side 72—81.*

**D**ESSE forsøk er utført paa Leteensuo forsøksstasjon i sør Finland (120 km. fraa Helsingfors), og er ein samanlikning av haust- og vaargjødsling med ymse fosforsyre- (superfosfat, thomasfosfat og beinmjøl) og kaligjødselslag (40 % og 20 % kalisalt) til eng paa myrjord (1—5 aar eng).

Forsøksplanen er fylgjande:

- I. Fosforsyre- og kaligjødsel om hausten.
- II. Fosforsyre- og kaligjødsel om vaaren.
- III. Fosforsyre om hausten, kali om vaaren.
- IV. Fosforsyre om vaaren, kali om hausten.

Forsøket er utført 1922—25 (fyrste haustgjødsling 1921) paa god, vel molda grasmyr, oppdyrka 1906 og godt oppgjødsla, for ein del overskottsgjødsling med fosforsyre. 2 av forsøksfelta er dessutan sand- eller leirkjøyr.

I forsøksaara har gjødslinga vore 3,5 kg. fosforsyre ( $P_2O_5$ ) + 10 kg. kali ( $K_2O$ ) pr. maal, kvævegjødsel er ikkje brukt.

Mengda av fosforsyre er i *superfosfat* rekna som *citratløyselig*, soleis ogso medrekna attendegaat (præcipitat) fosforsyre, i *thomasfosfat* som *citronsyreløyselig*, og i *beinmjøl* er rekna med *totalmeng* 30 % fosforsyre.

Resultatet av desse forsøk var fylgjande, medtalt for 4 aar:

	Kg. høi av 2 haustingar kvart år:		
	Superfosfat + 40 % kali- salt	Thomasfosfat + 20 % kali- salt	Beinmjøl + 40 % kali- salt
II. Fosforsyre og kali om vaaren ..	844 = 100	853 = 100	755 = 100
I. Fosforsyre og kali om hausten ..	835 = 99	845 = 99	736 = 97
III. Fosforsyre om hausten, kali om vaaren .....	838 = 99	836 = 98	747 = 99
IV. Fosforsyre om vaaren, kali om hausten .....	808 = 96	787 = 92	709 = 94
Medtalt for ulik gjødsling ....	831 = 100	830 = 100	737 = 89

Det framgaar av dette at det er liten skilnad millom haust- og vaargjødsling paa myreng om ein overgjødsling med fosforsyre og kali samtidig, og likeeins um ein gjødsling med fosforsyre om hausten og kali um vaaren.

Forf. held fram at i desse tilfelle har utslaget ingen stad vore utan om feilgrensone.

Men det ser ut til at gjødsling med einast kali om hausten, og fosforsyre om vaaren ikkje har so stor verknad, her er avlinga 4—8 % mindre enn etter vaargjødsling og 3—7 % mindre enn etter haustgjødsling med begge slag, og avlinga minskar i desse høve mest der det er brukt beinmjøl.

I praksis vert det vel sjelden tale um anna enn aa gjødsling samtidig med fosfat og kali, og ðaa viser desse forsøk at ein faar paalag same avling anten ein gjødsling om vaaren eller hausten. Her i landet kann dette ha praktisk verd i ymse fjellbygder (t.d. Trysil) der ein for skuld bilfrakting lyt taka gjødsling heim om hausten, og ikkje har rom og høve til aa lagra ho til vaaren.

Forf. framheld ogso, at paa daarleg gjødsla eller utpint myreng vil haustgjødsling visa seg betre enn det framgaar av desse forsøk. Haustgjødsling utførrar ein helst seint paa hausten, *men fyrr jordi frys til*, vaargjødsling maa utførast *tidleg paa vaaren, like etter snøen har gjenge*, daa ein derved faar betre verknad av gjødsla, serleg der det er lite regn um vaaren.

A. Hovd.

---

## RETTELSE

I «Meddelelse» nr. 3 er klichéen på side 100 ved en feiltagelse i trykkeriet sat op ned.

---

## REPRESENTANTMØTE

DET Norske Myrselskaps Representantmøte til vedtagelse av budgett for året 1928 vil bli holdt i Oslo 26 eller 27 oktober, hvorom representantene senere får nærmere beskjed.

---

## RESTERENDE ÅRSPENGER

blir efter 1 oktober opkrevet ved postopkrav med tillegg av omkostninger. Vi henstiller til alle myrselskapets medlemmer, hvorav enkelte skylder kontingent for flere år, godhetsfuldt å innløse opkravet og derved bidra til å forbedre myrselskapets vanskelige økonomi.